

# 2014

## Årsmelding

Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



Aina er på tur over Oldedalen  
Foto: Rune Rustøen



## Avdelinga i tal - Rapport til NSK:

Medlemmer:		Diverse:	
	49 medlemmer	2 familiemedlemmer 1 æresmedlem	5 nye medlemmer i 2014, men me har også hatt 5 medlemmer i avgang
Møter:	Tal arrangement:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøter:	2 ordinære møte	3 (4)	Har fortløpande kontakt på FB som vert teke inn i møtereferat
Komitémøte:			
Medlemstreff/møte:		30 (9)	Jan: Jaktanlegg/apport Gaupne (5 + 3) Feb: Rally/utstillingstrening Årdal (6) Apr: Apport og utstillingstr. Gaupne (4) Jul: Rallytrening Fjærland (4 + 6) Aug: Rallytrening Luster (3) Des: Treningssamling jakt Florø (8)
Årsmøte:	1	6 (3)	Tema jaktanlegg/apportprøve
Arrangement:	Tal arrangement:	Tal medlemmer (andre)med:	
Utstilling:	1	22	Arrangør: Førde BHK
Jaktprøve:			
Apportprøve:	1	3	Bevegeleg prøve
Jaktanlegg:	1	8	Bevegeleg prøve
Ferskspor:	1	2 (7)	Bevegeleg prøve
Blodspor:	1	0 (3)	Bevegeleg prøve
Andre prøver:			
Valpeshow:	1	3	Arrangør: Førde BHK
Kurs:	2	11 (6)	Apr: Konkurranskurs LP (5 + 2) Apr: Klippekurs (2) Mai: Dommerkurs ettersøk (3) Aug: Klippekurs (3)
Andre arrangement:			
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt medlemsinfo	3	Jan: Årsmøtepapir Mar: Aktivitetsinformasjon Okt: Aktivitetsinformasjon 14/15	
Våre Spaniels	3	Spalta i nr. 4 kom ikkje med grunna feil.	
Heimeside		Problem med oppdatering grunna tekniske problem sentralt	
Facebook		Hyppige oppdateringar. Har 123 «likes»	
Økonomi:	På konto:	Årsresultat:	Kommentar:
	Kr 32.677.-	- Kr 17.566.-	Kr 5.140 var eldre, ubetalte rekingar slik at reelt årsresultat er – kr 12.426.-

## Andre nøkkelopplysningar/tal:

Dommarar:	Tal:	
Ettersøk (blod/fersk)	4	Andreas Otterhjell, Arvid Solheim, Torstein Solset, Inger Handegård Elevstatus: Elin Anita Gjerde, Hilde Rotihaug, Lars Gunnar Røneid
Jakt/JAL	1	Inger Handegård
Appellmerkeprøve LP	1	Inger Handegård
Instruktører:		
	1	Inger Handegård (NKK trinn 2 jakt, rallylydigheit) Under utdanning: Laila Irene Røneid
Oppdrettarar med kennelnamn:		
	4	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

### Slik har me det i Sogn og Fjordane

Avdelinga er lita og avstandane er store. Det er urealistisk å klare å gi eit tilbod i klubben som dekker alt frå kvelpekurs til jaktkurs spaniel, frå utstilling til sporprøvar. Me prøver å ha fokus på spanielretta aktivitetar og aktivitetar som mange medlemmer har interesse for. Det er pelsstell, kunnskap om spanielrasane, jakttrening/prøvar, sportrening/prøvar, grunnleggande lydigheit/rallylydigheit og utstillingstrening. Så er me avhengig av eit samarbeid med andre klubbar. Lokale hundeklubbar står for mesteparten av hundeevnetar som er felles for alle rasar i fylket vårt.

Førde Brukshundklubb er arrangør av den einaste utstillinga open for mange rasar. Det er i dag økonomisk urealistisk å arrangere eigen spanielutstilling i fylket. Med 50 medlemmer og eit påmeldingstal på ca. 25 spaniels blir kostnadene for høge til å arrangere spesialutstilling for spaniels. Avdelinga samarbeider difor med Førde brukshundklubb for å kunne gi medlemmene tilbod om ei årleg utstilling. Det vert forsøkt å velje dommarar med god spanielkunnskap som også dømmer andre rasar. Dersom spesialutstillingar får auka status i framtida og dermed trekkjer til seg utstillarar frå andre område, vil me på nytt vurdere å arrangere spesialutstilling for spaniels. På prøvesida har medlemmene tilbod om jaktanleggsprøve, apportprøve, blodspor- og ferskspor, lydigheit og rallylydigheit.

Dei største utfordringane me har for å få til større aktivitet er ressurspersonar som dommarar, instruktørar og føredragshaldarar. Me må for ein stor del hente desse utanfor fylket og får då lange reiseavstandar og store reiseutgifter. Logistikken er vanskeleg å få til å gå opp då det er få flyavgangar og få direkteruter. Me har i fylket mange ettersøksdommarar, ein lydigheitsdommar og ein jaktanleggsprøvedommar spaniel. Me har ingen som dømmer eksteriør (uansett rase), agility, rallylydigheit, jaktprøve retriever/ståande fuglehund eller bruksprøver. Me har mange NKK trinn I instruktørar, ein trinn II instruktør jakt med støtande fuglehund, to rallylydigheitsinstruktørar, men ingen trinn III instruktørar.

Den som ynskjer å delta på utstillingar, prøver og kurs må ofte reise ut av fylket for å få tilbod om dette. Med utgangspunkt i knutepunktet Skei vert reisetidene: Bergen (4 timar + ei ferje), Ålesund (knappe 4 timar 2 ferjer), Hundorp (4,5 t), Oppdal (5 timar) Trondheim (7 timar), Oslo (i overkant av 6 timar + ei ferje). Alt etter kvar medlemmene bur i fylket vert reiseavstandane vesentleg kortare – eller vesentleg lenger. Det er difor viktig for oss med gode tilbod i fylka som ligg både sør, aust og nord for oss. Grunna vinterstenge/vanskelege fjellovergangar bør tilboda vera i perioden 1. mai til 1. desember for å vera reelle. Næraste NKK utstilling er Bergen eller Ålesund. Næraste ordinære jaktanleggsprøve eller apportprøve utanom vår eigen er minst 6 timar unna. Skal me for eksempel reise til jaktprøven i Rogaland som er på Vestlandet, så er det minst 8,5 timar + 2 ferjer dit, alt etter ruteval...

### Utfordringar og prioriteringar i avdelinga framover

- Bevare det positive miljøet som me har.
- Få til eit endå betre tilbod for medlemmene våre i form av utstillingar, prøvar, seminar og kurs.
- Utdanne fleire dommarar og ikkje minst instruktørar.
- Få fleire aktive medlemmer som har fleire ulike spanielrasar.
- Ha ein god og sunn økonomi.

*Nils Solheim har tatt dette flotte bildet av Linus som skodar utover Lærdalsøyri.*



## Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

### Styret har for 2014 sett slik ut:

Leiar Inger Handegård, Luster	På val 2016	Er også leiar BK
Nestleiar: Elin Anita Gjerde, Leikanger	På val 2015	
Styremedlem: Laila Røneid, Årdal	På val 2016	
1. vara/kasserer: Per Ståle Vågene, Flora	På val 2015	

Revisor: Torill Otterhjell, Luster

Valnemnd: Arvid Solheim, Årdal, Tonje Tollefsen, Førde og Laila Røneid, Årdal  
Internettansvarleg: Inger Handegård

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

Kasserer er ikkje på val med mindre eksisterande kasserer ynskjer avlysing

**RS-14** Laila Røneid reiste. Inger Handegård vart sjuk på reisa til møtet. Avdelinga bidrog med føredrag om organisering. .



### Årsmøte i Gaupne 22. februar

Det var 8 frammmøte totalt av desse var 5 medlemmer. Som vanleg hadde me eit kort årsmøte og så ei sosial og fagleg samling. Elin Anita hadde nok ein gong gjort ein utmerka jobb med å samle inn premiar som delvis vart lodda ut og delvis gitt til årets mestvinnarane. Asbjørg Rebni vann hovudpremien som er eit gåvekort på kr. 350.- som kan nyttast på aktivitet i avdelinga i løpet av 2014, inkludert pelsstell. Ein spesiell takk til Laila som var kokk, Vigdis som gjekk av etter 8 år som kasserer, Arvid som gjekk av som nestleiar etter 8 år og Lars Gunnar som gjekk av etter 4 år som vara og som var

fotograf for dagen! STOR takk også til det nye styret som har sagt ja til å ta på seg verv og takk til alle som var med til å laga så fin stemning! Fagtema i år var dei nye jaktanleggsprøve-reglane. Først kort teori og så prøvde me oss på apportprøve i Parken der 9 hundar frå kvelp til veteran fekk prøve seg.

### Treningssamling rallylydigheit i Årdal 22. mars

Dette var ei uhøgtidleg, spontan og gratis treningssamling. Det var veldig kjekt at heile 6 medlemmer med 10 hundar møtte opp. Laila og Linn stod for kaffi og kake medan Inger hjalp mest til med treninga. Det vart mest rallylydigheitstrening denne dagen, men det vart også tid til litt utstillingstrening.





### Konkurranskurs i lydighet 12-13 april

Fire medlemmer frå fylket + eit medlem frå austlandet ville vera med på kurset. I tillegg fekk to med andre rasar plass på kurset, slik at me totalt var 7 deltakarar på dette 15 timar lange kurset med Liz Rognstad. Værgudane var dessverre IKKJE samarbeidsvillige. Været var kort og godt elendig 2/3 av kurset... Men dårleg vær stoppar ikkje dei som er nok interessert og då me fekk låne kunstgrasbana i Gaupne fekk med ein stad med godt drenert underlag og ein tribune med tak for dei som ikkje var på bana.

Søndag var det vind og vannrett pissregn... Me starta

difor inne i stallen/fjøsen hjå Inger med øvelsar som ikkje treng så stor plass. Etter lunsj var me ute i mange timar. Først på kunstgras, men då været vart betre kunne me også vera på gras. Kurset var lærerikt og inspirerande. Økonomisk gjekk kurset i kr. 34 i overskot, men me burde ha sendt ei lita helsing til fotballgruppa i Gaupne som redda kurset då dei låne oss banen.

### Påskesamling i Gaupne 17. april

Fire medlemmer og ni hundar møtte opp til gratis utstillingstrening, tips til pelstell, hundeløp og apporttrening. Raskaste hund vart kvelpen Aron! Elin Anita hadde laga flotte påskegule jaktkobbler som var premie til dei fire raskaste hundane. Me hadde kaffi og kake og kosa oss. Værmeldingane var IKKJE lovande, men me fekk fint vær nesten heile samlinga som varte i tre timar.

### Klippekurs

Det har vore to kurs, eit i april før Førdeutstillinga og eit i august for ei som LURAR på å kjøpe spaniel! Inger og Laila har stått for opplæringa.

### Utstillingstrening

To mindre samlingar, ei i Årdal og ei i Gaupne. Begge var før Førdeutstillinga.





### Spaniels på utstillinga i Førde 27 april

Einaste utstilling for spaniels i fylket. Eva Nielsen frå Sverige dømte 9 cockere, 1 welsh og 12 engelske springere. Irene Donnè dømte kvelpane - 2 engelske springere og 1 welsh. Totalt 25 spaniels – av desse 11 frå fylket. Springer er den tredje mest talrike rasen på denne utstillinga. Gruppa frå kennel Desperado vart BIS-oppdrettar.

### Bevegeleg jaktanleggsprøve

Det har starta heile 8 ekvipasjar som må vera ny rekord fordelt på to samlingar. Dømte gjorde Ellen Getz Wold og Inger Handegård. Grunna sterk varme (over 30 grader) har kanskje avdelinga skrive historie ved å arrangere første kvelds/nattprøve? Stemninga var høg sjølv om premieutdelinga måtte vente til nærare midnatt... Takk til Hege Gjerde frå Luster hundeklubb som har vore medhjelpar på prøven/ane. Sjølv syntes ho det var interessant å sjå korleis vår prøve foregår.

### Bestått jaktanleggsprøve:



Linda Marie Runde med "Flink" Fantin's Daddy's Darling

**Fantin's Daddys Darling** til Linda Marie Runde (52 p - 17 mndr)  
**NVCH Fjordgløtt's Bonnie** til Elin Anita Gjerde (52 p)  
**NUCH NVCH BH Desperados Aya** (51 p) til Inger Handegård  
**NSVCH BH Desperados Tingeling** til Elin Anita Gjerde (50 p - 10 år)  
**NSVCH BH Desperados Zeldia** til Laila Røneid (47 p)  
**Desperados Dolce Vita** (43 p) til Linn Didriksen Solsvik  
**Zelfa's Ariel** til Laila Irene Røneid (39 p - 11 mndr)  
**Zelfa's Arn** til Kjetil Haug (33 p - 11 mndr. Bomma på landapporten)

### Bevegeleg apportprøve

Tre hundar starta, to BK og 1 AK, ein godkjent i BK. I tillegg fekk to hundar godkjent BK-apport gjennom nok poeng på jaktanleggsprøven.

### Jaktkurs

Dette kurset var planlagt hausten 2014 med innleigd instruktør, men me fekk ikkje til å realisere det.



### Dommarkurs ettersøk

I regi av avdelinga vart det arrangert teorikurs for utdanning av ettersøksdommarar. 7 dommarelevar, 3 frå avdelinga, var samla i Sogn med Inger Handegård som instruktør. Kurset gjekk over ein dag og var delt i teori og praksis. Dette var noko mange hadde venta på i fleire år for å verta ferdig med si utdanning og tilbakemeldingane frå deltakarane var svært god. Me håpar dette fører til at me snart får fleire ettersøksdommarar i fylket/avdelinga. Nye krefter er viktig å ha.



### Blodspor og fersksporprøvar

Interessa for å gå bevegelege blodsporprøvar i regi av avdelinga har vore lita i år, berer 3 hundar og ingen spaniels har starta. I 2014 vart det, mot normalt, heller ikkje arrangert ordinær blodsporprøve i regi av avdelinga. Det store talet startande hundar med innleigd dommar utanfrå fylket har samband med å få dømt nok hundar på ferskspor for dommarar under utdanning. Me fekk nytta oss av eit område på Kaupanger med god hjortebestand.

**NM – blodspor 2014** – ingen hundar frå avdelinga starta.

### Rallytrening i Fjærland 17. juli

Fire medlemmer + to med andre rasar + fire danskar på ferie i Norge (to med spaniels) samlast for ei gratis treningsamling i Fjærland. Sidan me fekk låna bana i Fjærland ynskte me også dei som trener rally i Fjærland velkommen sjølv om dei (enno) ikkje har spaniel. Hovudansvar for treninga hadde Inger. Totalt var det med 10 springere, 1 toller, 1 labrador og 1 border collie. Spesiell takk til Maria Langhelle for hjelp med plass og til Laila Røneid som kakebakar og medhjelpar.

### Nye champions 2014 - Ingen?

### Nye kvelpar i Sogn og Fjordane – potensielle nye medlemmer til avdelinga

Det er, etter det styret kjenner til, ikkje fødd spanielkull i fylket i 2014. I fylgje NKK sin registreringsstatistikk vart det registrert 400 nye hundar i Sogn og Fjordane i 2013 - 16 av desse var spaniels. Fleire av desse kvelpane gjekk til eigarar som alt er medlemmer, men truleg ikkje alle! 11 springere i kommunane Førde, Gaular, Luster, Lærdal, Stryn, Vik og Årdal. 3 cockere i Eid, Flora og Førde. 1 amerikaner i Bremanger. 1 welsh springer i Eid.



### Samling i Florø 7 desember

8 medlemmer av avdelinga og eit forhåpentlegvis kommande medlem, ni springere, ein dachs og ein engelsk mastiff møtte til uformelt treff/trening i Florø der me hadde vekt på jakttraining og apport. Det var friskt vær og god stemning! Ekstra kjekt var det med nye fjes og to kvelpar. Dersom me gjer dette oftare vil me få GODE hundar!

### NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis leiar for NSK's brukshundkomite

Inger Handegård er leiar i brukshundkomiteen, medan Ellen Getz Wold (Oslo/Akershus) og Wenche Randi Krogstad (Sør-Trøndelag) er medlemmer. BK har hatt eit par saker til høyring og regelverket for årets mestvinnande brukshundar.

### Årets mestvinnande i fylket 2014:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Det var ingen aktuelle kandidatar til årets junior i år, så den går ut. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på offisielle arrangement og som også har vore aktive på klubben sine arrangement.

**Årets hund:** **NUCH NVCH BH Desperados Aya** til Inger Handegård  
**Årets debutant:** **Zelfa's Arn** til Kjetil Haug  
**Desperados Dolce Vita** til Linn Didriksen Solsvik

Alle vinnarane får krus på årsmøte, presentasjon på heimesida og i spalta vår i Våre Spaniels. Konkurransen i år var knallhard då tre av hundane frå fylket er på pallen på årets allsidigheitshund og ein fjerde hund frå fylket vant årets rallylydigheitsspaniel! Imponerende innsats!

### Dette er me gode til i avdelinga vår:

- Få til arrangement og ha god stemning på arrangementa våre.
- Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover.
- Finna løysingar på praktiske problem.

